



**Det mangeårige og tette samarbeidet mellom Eidsvik i Uskedalen og Liegruppen i Straume på Sotra blir no ytterlegare markert ved at det igjen er 2 blå båtar ved kai.**

**Den nye Liafjord som er under utrustning har fått selskap av ein gamal kjenning - ringnotsnurparen Ligrunn - som var innom også mot slutten av fjoråret. Då låg 3 båtar frå gruppa hos Eidsvik samtidig ettersom også Libas og Liafjell var der.**

Eidsvik skal utrusta også båt nummer 2 som har fått skroget bygd i Klaipeda i Litauen og bygdas største verksemd har nok å gjera til ute i neste år.

Men også vedlikehaldsoppdrag er viktig for eit skipsbyggeri.

Ligrunn er den tidlegare danske Geysir. Den har gjort bra fangst i det siste og har rapportert inn nær 1500 tonn i juni går det fram av nettsida til Liegruppen.

Foto: Ola Matti Mathisen